

Veronika Seim Bech
Landbrukssjef

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
27.10.2025	Wenche Hauglum	25/913 - 3	

MELDING OM VEDTAK

Høyringsvar til Strategi for forvaltning av hjortevilt

Formannskapet - 072/25:

Det er gjort fylgjande vedtak i saka:

Vik kommune ser positivt på forslag til Strategi for forvaltning av hjortevilt og har kommentarar til nokre av fokusområda:

2.2: Redusere viltpåkøyrslar

Varslingstenesta frå trafikant via politi (tlf. 02800) og vidare til kommunalt ettersøkspersonell fungerer ikkje godt nok avdi det kan vera vanskeleg å nå fram med beskjed til politiet.

2.3 Redusere skader forårsaka av hjortevilt

I enkelte område gjer store bestandar av hjortevilt omfattande skade på landbruket sine avlingar; vinterfôr, frukt og skog. Overføring av sjukdomar og parasittar er også eit problem. Dei som driv norsk matproduksjon på areala (eigd og leigd) må ha stor innflytelse på forvaltninga slik at skadar og tap kan haldast på eit akseptabelt nivå.

2.4 Utgifter ved viltpåkøyrslar

I mange kommunar går alle midlane på viltfondet med til å dekkja utgiftene med ettersøkt etter skada vilt. I Vik om lag 80%. Midlane kjem frå fellingsavgiftene som jegerane betalar inn, og skal i fylgje §1 i forskrifta gå til *å fremme viltforvaltninga*. Handtering av skada vilt bør finansierast med andre midlar enn dei kommunale viltfonda.

Eit anna problem er at eigarane av fylkes- og riksvegar skjeldan melder inn hendingar med viltpåkøyrslar i Fallviltregisteret. Det fører til at ein ikkje har korrekt oversikt over kva vegstrekningar som er farlegast når det gjeld kollisjon mellom hjort og bil/motorsykkel.

3.2 og 3.3: Dyresjukdommar og smittespreiing

Sjukdomar kan smitta både frå husdyr til hjortevilt og frå hjortevilt til husdyr på beite. Vidare kan smitte spreie seg til menneskjer. Den store auken i utanlandske turistar, både innan friluftsliv i utmark og med bubilar langs vegar og på fjellovergangar, aukar også faren for



innførsel og spreining av sjukdomar me ikkje har frå før, jf. CVD. Det er trong for meir informasjon og andre førebyggjande tiltak mot smittespreiing.

4.1 Haldningsskapande arbeid

Den positive utviklinga i haldningsskapande arbeid blant jegerane for å få til ei god jaktutøving må halde fram, slik at ein sikrar god dyrevelferd, robuste bestandar, trygg jakt og framleis høg samfunnsaksept for bestandsregulering og hausting av ressursane.

4.3 Teknologisk utvikling

Nye teknologiske hjelpemiddel må takast i bruk når dei bidreg til at ein klarar å halda bestandane på eit berekraftig nivå, samt for å oppnå ei presis og god hjorteviltforvaltning.

5.3 Viltkjøtt

Det må arbeidast meir for å få ein større del av viltkjøtet som vert hausta i Noreg ut til butikkar og restaurantar, noko som kan gi grunnlag for lokale inntektsmoglegheiter, næringsutvikling og gagne reiselivet. Mindre svart omsetnad av viltkjøt og import av hjortekjøt langvegsfrå vil også vera positivt.

Samrøystes.

Med helsing

Siri Fahlvik Pettersen
Kommunedirektør

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/25	Formannskapet	23.10.2025

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Veronika Seim Bech	K2-K46	25/913

Høyringsvar til Strategi for forvaltning av hjortevilt

Kommunedirektøren si tilråding

Vik kommune ser positivt på forslag til Strategi for forvaltning av hjortevilt og har kommentarar til nokre av fokusområda:

2.2: Redusere viltpåkøyrslar

Varslingstenesta frå trafikant via politi (tlf. 02800) og vidare til kommunalt ettersøkspersonell fungerer ikkje godt nok avdi det kan vera vanskeleg å nå fram med beskjed til politiet.

2.3 Redusere skader forårsaka av hjortevilt

I enkelte område gjer store bestandar av hjortevilt omfattande skade på landbruket sine avlingar; vinterfôr, frukt og skog. Overføring av sjukdomar og parasittar er også eit problem. Dei som driv norsk matproduksjon på areala (eigd og leigd) må ha stor innflytelse på forvaltninga slik at skadar og tap kan haldast på eit akseptabelt nivå.

2.4 Utgifter ved viltpåkøyrslar

I mange kommunar går alle midlane på viltfondet med til å dekkja utgiftene med ettersøkt etter skada vilt. I Vik om lag 80%. Midlane kjem frå fellingsavgiftene som jegerane betalar inn, og skal i fylgje §1 i forskrifta gå til å *fremme viltforvaltninga*. Handtering av skada vilt bør finansierast med andre midlar enn dei kommunale viltfonda.

Eit anna problem er at eigarane av fylkes- og riksvegar skjeldan melder inn hendingar med viltpåkøyrslar i Fallviltregisteret. Det fører til at ein ikkje har korrekt oversikt over kva vegstrekningar som er farlegast når det gjeld kollisjon mellom hjort og bil/motorsykkel.

3.2 og 3.3: Dyresjukdommar og smittespreiing

Sjukdomar kan smitta både frå husdyr til hjortevilt og frå hjortevilt til husdyr på beite. Vidare kan smitte spreie seg til menneskjer. Den store auken i utanlandske turistar, både innan friluftsliv i utmark og med bubilar langs vegar og på fjellovergangar, aukar også faren for



innførsel og spreining av sjukdomar me ikkje har frå før, jf. CVD. Det er trong for meir informasjon og andre førebyggjande tiltak mot smittespreiing.

4.1 Haldningsskapande arbeid

Den positive utviklinga i haldningsskapande arbeid blant jegerane for å få til ei god jaktutøving må halde fram, slik at ein sikrar god dyrevelferd, robuste bestandar, trygg jakt og framleis høg samfunnsaksept for bestandsregulering og hausting av ressursane.

4.3 Teknologisk utvikling

Nye teknologiske hjelpemiddel må takast i bruk når dei bidreg til at ein klarar å halda bestandane på eit berekraftig nivå, samt for å oppnå ei presis og god hjorteviltforvaltning.

5.3 Viltkjøtt

Det må arbeidast meir for å få ein større del av viltkjøtet som vert hausta i Noreg ut til butikkar og restaurantar, noko som kan gi grunnlag for lokale inntektsmoglegheiter, næringsutvikling og gagne reiselivet. Mindre svart omsetnad av viltkjøt og import av hjortekjøt langvegsfrå vil også vera positivt.

Formannskapet - 072/25

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 4 stemmer (100%) - AP 2, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - vedtak:

Vik kommune ser positivt på forslag til Strategi for forvaltning av hjortevilt og har kommentarar til nokre av fokusområda:

2.2: Redusere viltpåkøyrslar

Varslingstenesta frå trafikant via politi (tlf. 02800) og vidare til kommunalt ettersøkspersonell fungerer ikkje godt nok avdi det kan vera vanskeleg å nå fram med beskjed til politiet.

2.3 Redusere skader forårsaka av hjortevilt

I enkelte område gjer store bestandar av hjortevilt omfattande skade på landbruket sine avlingar; vinterfôr, frukt og skog. Overføring av sjukdomar og parasittar er også eit problem. Dei som driv norsk matproduksjon på areala (eigd og leigd) må ha stor innflytelse på forvaltninga slik at skadar og tap kan haldast på eit akseptabelt nivå.

2.4 Utgifter ved viltpåkøyrslar

I mange kommunar går alle midlane på viltfondet med til å dekkja utgiftene med ettersøkt etter skada vilt. I Vik om lag 80%. Midlane kjem frå fellingsavgiftene som jegerane betalar inn, og skal i fylgje §1 i forskrifta gå til å *fremme viltforvaltninga*. Handtering av skada vilt bør finansierast med andre midlar enn dei kommunale viltfonda.



Eit anna problem er at eigarane av fylkes- og riksvegar skjeldan melder inn hendingar med viltpåkøyrslar i Fallviltregisteret. Det fører til at ein ikkje har korrekt oversikt over kva vegstrekningar som er farlegast når det gjeld kollisjon mellom hjort og bil/motorsykkel.

3.2 og 3.3: Dyresjukdommar og smittespreiing

Sjukdomar kan smitta både frå husdyr til hjortevilt og frå hjortevilt til husdyr på beite. Vidare kan smitte spreie seg til menneskjer. Den store auken i utanlandske turistar, både innan friluftsliv i utmark og med bubilar langs vegar og på fjellovergangar, aukar også faren for innførsel og spreining av sjukdomar me ikkje har frå før, jf. CVD. Det er trong for meir informasjon og andre førebyggjande tiltak mot smittespreiing.

4.1 Haldningsskapande arbeid

Den positive utviklinga i haldningsskapande arbeid blant jegerane for å få til ei god jaktutøving må halde fram, slik at ein sikrar god dyrevelferd, robuste bestandar, trygg jakt og framleis høg samfunnsaksept for bestandsregulering og hausting av ressursane.

4.3 Teknologisk utvikling

Nye teknologiske hjelpemiddel må takast i bruk når dei bidreg til at ein klarar å halda bestandane på eit berekraftig nivå, samt for å oppnå ei presis og god hjorteviltforvaltning.

5.3 Viltkjøtt

Det må arbeidast meir for å få ein større del av viltkjøtet som vert hausta i Noreg ut til butikkar og restaurantar, noko som kan gi grunnlag for lokale inntektsmoglegheiter, næringsutvikling og gagne reiselivet. Mindre svart omsetnad av viltkjøt og import av hjortekjøtt langvegsfrå vil også vera positivt.

Samrøystes.

Vedlegg	Tittel	DokID
Dokument dato		
14.10.2025	Høyring - strategi for forvaltning av hjortevilt - hjorteviltstrategi	310779
14.10.2025	H%c3%b8ringsutkast+-+strategi+for+forvaltning+av+hjortevilt.pdf	310780

Kort samandrag

Landbruksdirektoratet har sendt Strategi for forvaltning av hjortevilt på høyring til alle kommunane med svarfrist 01.11.25. Ei god balansert forvaltning av hjortestamma er viktig og temaet engasjerer ein stor del av innbyggjarane i Vik kommunen. Kommunedirektøren rår til at formannskapet kommenterer og støttar opp om fleire av forslaget i strategien.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Saksopplysningar



Sjå vedlagt forslag til nasjonal strategi for hjorteforvaltning.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte for Vik kommune.

Vurdering

Forvaltninga av hjort i Vik kommune råkar mange, både grunneigarar, jaktrettshavarar, bønder, skogbrukarar, jegerar, hageeigarar og trafikantar. Tal felte hjort i kommunen har auka frå 82 dyr i 2005 til 664 i 2024.

På tross av det aukande uttaket er ein framleis bekymra for at ein ikkje skal klara å ta ut nok dyr og halda bestanden på eit berekraftig nivå. For mykje hjort fører til store tap/skader på grovfôravlningar, frukt, ungsog og hagar, samt aukar faren for trafikkpåkøyrslar. Høg bestand kan og føre til dårleg helsetilstand hjå dyra, reduserte slaktevektar og stor dødelegheit ved ein snøtung kald vinter.

Jaktrettshavarane i Vik har teke ansvar for forvaltninga. Dei fyrste storvalda med eigne bestandsplanar vart oppretta allereie i 2006 og Vik hjortevilråd i 2010. Samarbeidet mellom jaktrettshavarar og kommune har vore godt og det har vore forholdsvis lite konflikthar knytt til forvaltninga av hjort samanlikna med mange andre kommunar.

Vik kommunen har godkjent bestandsplan for Vik hjorteviltområde 2025 – 2027 med mål om å redusere og stabilisera stamma for få til ei forvaltning med lite konflikthar, samt vedvarande god produksjon og avkastning. Vald tilsvarande heile 90,7% av alt teljande areal i kommunen er tilslutta bestandsplanen.

For å klara å nå målet må ein ha mange nok flinke jegerar, eit godt samarbeid og fleire verkemiddel takast i bruk. Under jakta i 2024 er det registeret 1197 aktive hjort jegerar i Vik kommune.

